

Nedlegging av avdelingskontoret på Gol.

Bakgrunnen for nedlegginga av avdelingskontoret på Gol er knytt til nye tider og nye verktøy for administrering av avløysarordninga.

Med Webtemp ( elektronisk timeliste) vil brukarane få full oversikt over sin kunde-/ansatt-portal, og følgja med på alle bevegelsar på sin eiga brukar-konto. Dette betyr at behovet for å besøke kontoret er sterkt redusert.

Bur du i Numedal eller for den del på Tysnes reiser du ikkje til Gol eller Rosendal for å få svar på spørsmål. Slikt vert ordna over e-post eller telefon, og på den måten er det ikkje avgjerande kor kontoret er lokalisert. Vi som er att på kontoret gjer oss kjende i geografien i heile Lt Folgefonna sitt nedslagsfelt, og som regel vert bøndene godt nøgde.

Styret tok opp saka i styremøte pr. 29. juni 2016, og gjorde følgjande vedtak:

*Vedtak: Avdelingskontoret på Gol skal avviklast pr. 15. september 2016, og avtalen med Hemsedal Innkjøpslag avviklast pr. 30. september 2016 ihht. avtale på oppsigelsesfrist på 3 mnd.*

*Grunnar for nedlegging:*

- *Etter at administrasjonen vart redusert frå fire til tre personar, ser man eit større behov for å ha ein samla administrasjon. Dei mest tidkrevjande oppgåvene er føring av lønn og arbeidet rundt dette. Ein ser at ein kan spare ein del på å samla arbeidsoppgåvene på ein plass, og delegering blir også lettare. Det vert for stort press på hovudkontoret ved lønnskjøring, og ein ønskjer å unngå sårbarheit ved sjukdom og feriar.*
- *Avdelingskontoret har ikkje den effekten det var tiltenkt. Det er no mykje færre medlemmar som nyttar tilbodet vårt i området rundt avdelingskontoret enn før.*
- *Med ny teknologi som er komen inn i bedrifta, så er det mykje lettare å kommunisera med kundane og dei ansatte. Uavhengig av geografien.*
- *Fordel å ha einsarta informasjon ut mot kundane.*
- *Har ledig kontor plass i Rosendal*

Den ansatte på kontoret på Gol valde sjølv skriftleg å seie opp si stilling.